

# Kulturhistoriske registreringar

Reguleringsplan Furhovden, gnr. 144, bnr. 1 mfl.  
Alver kommune

Rapport 55 – 2021

## Bakgrunn for saka

I samband med detaljregulering for Furhovden i Kvamsvågen, gbnr 144/1 mfl., i Alver kommune, har seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune gjennomført ei kulturhistorisk registrering med siktemål å kartleggje eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet.

Registreringa vart utført av Lars Jølle Berge og Isabel Furesund Berge 18.10.2021. Etterarbeid og rapport er utført av Isabel Furesund Berge.

Under registreringa vart det grave fem prøvestikk, der ingen var funnførande. Innanfor planområdet er har det tidlegare blitt registrert ein mogleg gravhaug. Denne vart undersøkt og det vart klart at dette ikkje er eit gravminne. Det vart og overflateregistrert innanfor planområdet. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.


21,5 timar er nytta på feltarbeid og 7,5 timar er nytta på for- og etterarbeid.

## Området

Bakgrunnen for den arkeologiske registreringa er forslag til detaljregulering for Fuhovden i Alver kommune. Planområdet ligg på Furhovden i Kvamsvågen mellom Skarsvegen i aust og Kvamsvågen i vest. Frå sjøen i vest er det bratt terreng med skog opp mot fleire bustader. I sørleg del av området flatar terrenget noko ut og her ligg ein liten innmark. Området består elles av oppbygde platå, berg og noko kratt.



Figur 1: Planområdets plassering



Figur 2: Planområdet tilsendt frå tiltakshavar

### Tidlegare registreringar og funn i området

Det er frå før kjend fleire automatisk freda kulturminne, der ei av dei ligg innafør plangrensa, ID 124609. Dette er ein gravhaug som har status som uavklart. Det vil seie at den ikkje er tilstrekkeleg undersøkt til å avgjere om det er snakk om eit automatisk freda kulturminne. Ein del av feltarbeidet er å avklare om dette er ein gravhaug. Det ligg to gravar like nord for planområdet, ID 124608 og 124607.

## Undersøkinga

Planområdet vart undersøkt med jordbor, prøvestikk, overflaterregistrering og manuell sjakting. I område nærast Skarsvegen i nord vart det opna eit prøvestikk og stikke med jordbor. Her vart det fort klart at det er snakk om opp mot ein meter med jord med greiner eller tømmer mot botn. Deler av


området er også bygd opp av stein, og her har det tidlegare gått ein veg. Området har truleg vore planert og rydda på eit tidspunkt. Deler av området her består også av svart jord ned på berg utan potensiale for funn. I aust ligg ein liten innmark i ein skråning som heller frå vegen i nord og ned mot søraust. Det renn ein bekk langsmed skogkanten og utkanten av planområdet i aust. Grunneigar opplyser om at det skal vere grave ned to vassrøyr her. Om lag midt på innmarka er ein forhøgning som består av jorddekkja berg. Det var i utgangspunktet tenkt sjakting med gravemaskin i området, men det har vore eit par veker med kraftig nedbør så vi undersøkte først med prøvestikk for å unngå køyring med maskin på jordet dersom det ikkje var naudsynt. Vi grov fem prøvestikk og konkluderte raskt at det ikkje var potensiale for funn. Området er truleg drenert godt i nyare tid, for ein kan sjå restar etter eldre myr fleire stader. Nokre stader er det berre matjord ned på berg.



*Figur 3: Austleg del av området. Sett mot sør.*

Innafor planområdet på gbnr. 144/32 ligg ein uavklart gravhaug med askeladden ID 124609. At den er uavklart betyr at den er registrert utan tilstrekkeleg opplysningar til å avgjere om det er eit gravminne. Vi grov ein sjakt for hand frå foten av haugen i aust og opp mot toppen i vest. Vi tok først av torva og grov så vekk jorda under for å sjå om vi kunne sjå eit lagskilje eller oppbygde steinar. Det vart fort klart at haugen består av forvittra berg. Det forvittra berget gjer at når ein stikk jordboret nedi kjennast det som at jordboret går mellom fleire steinar. Haugen er difor ikkje eit automatisk freda kulturminne og vil få endra status i askeladden.


Det vart ikkje gjort funn av autoamtisk freda kulturminne under den arkeologiske registreringa.



Figur 4: Oversikt sjakt og prøvestikk

## **Konklusjon**

Den arkeologiske registreringa i samband med reguleringsplan for Furhovden gbnr 144/1 m.fl. i Alver kommune vart gjennomført 18.10.2021. Gravhaugen 124609 som tidlegare har hatt status som uavklart er undersøkt og får status som ikkje freda. Det vart ikkje påvist funn som kjem inn under § 4 i kulturminnelova om automatisk freda kulturminne.



[vestlandfylke.no](http://vestlandfylke.no)